

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 23.02.2022
Møtestad: Heradsstyresalen
Møtetid: kl. 14:30 - 15:30

Ekstraordinært møte

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordfører
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Alexander Thunestvedt	AP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Tone Mjelde	SV	Medlem
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Ellinor Therese Birkeland	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Jørgen Varden	AP	Turid Bjørndal Njåstad
Roald Åge Kleppe	SV	Tone Mjelde
Johannes Haugland	SP	Vara for A. Thunestvedt i sak 022/22 og 023/22
Henrik Øksnes	FRP	Ellinor Therese Birkeland

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
021/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/22	Oppfølging av sak 099/21 - Varlings sak til handsaming
023/22	Varsel om kritikkverdige høve

021/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

23.02.2022 FORMANNSKAPET

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

FS - 021/22 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

022/22: Oppfølging av sak 099/21 - Varslingsak til handsaming

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i denne saka

23.02.2022 FORMANNSKAPET

Aleksander Thunestvedt, AP, ønskja sin gildskap vurdert fordi han er tilsett i Osterøy kommune.

Aleksander Thunestvedt, AP, forlet møte.

Johannes Haugland, SP, møtte som vara.

Fulltalig formannskap.

Henrik Øksnes, FRP, ønskja ordførar til gildskap vurdert då han har ein nær arbeidsrelasjon til rådmannen.

Ordføraren forlet møte.

Det møtte ingen vara.

Varaordførar tok over som møteleiar.

AVRØYSTING gildskap

Aleksander Thunestvedt, AP, vert kjend ugild, 6 røyster (2AP,1SP,1SV,1KRF,1H) mot 2 røyster (2FRP), jf. fvl. § 6 tredje ledd.

Ordføraren vert kjend gild, 6 røyster (2AP,1SP,1SV,1KRF,1H) mot 2 (2FRP). Grunngeving: fleirtalet i formannskapet fann ikkje Ordføraren ugild etter fvl. §6.

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg.
Møtet vert lukka av same grunn som sist: omsyn til personvern.

AVRØYSTING lukking av møte.

Framlegg om lukking av møte vert samrøystes.

Saka vert handsama for lukka dørar, jf. kommunelova §11-5 bokstav a.

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg:

"Formannskapet har tillit til at rådmannen og Varselutvalet har handsama varselet på tilfredsstillande måte. Saka er dermed avslutta."

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg:

"Alle varsel om omhandler arbeidsforhold i barnevernet i Osterøy kommune blir sendt til ekstern profesjonell part for gransking. Kostnaden blir dekkja over sektor sin ramme. Alle påstander som angår arbeidsmiljø i tjenesten skal svares ut."

AVRØYSTING:

Hjalti H. Gislason, H, sitt framlegg: 7 røyster (2AP,2SP,1SV,1KRF,1H)

Henrik Øksnes, FRP, sitt framlegg: 2 røyster (2FRP)

FS - 022/22 VEDTAK:

Formannskapet har tillit til at rådmannen og Varselutvalet har handsama varselet på tilfredsstillande måte. Saka er dermed avslutta.

023/22: Varsel om kritikkverdige høve

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i denne saka

23.02.2022 FORMANNSKAPET

Aleksander Thunestvedt, AP, ønskja sin gildskap vurdert fordi han er tilsett i Osterøy kommune.

Aleksander Thunestvedt, AP, forlèt møte.

Johannes Haugland, SP, møtte som vara.

Fulltalig formannskap.

AVRØYSTING gildskap

Aleksander Thunestvedt, AP, vert kjend ugild, 6 røyster (2AP,1SP,1SV,1KRF,1H) mot 2 røyster (2FRP), jf. fvl. § 6 tredje ledd.

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg.
Møtet vert lukka av same grunn som sist, av omsyn til personvern.

Henrik Øksnes, FRP, trakk sitt framlegg om lukking av møte.

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg:
"Formannskapet har tillit til at rådmannen og Varselutvalet har handsama varselet på tilfredsstillande måte. Saka er dermed avslutta."

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg:
"Alle varsel om omhandler arbeidsforhold i barnevernet i Osterøy kommune blir sendt til ekstern profesjonell part for gransking. Kostnaden blir dekkja over sektor sin ramme. Alle påstander som angår arbeidsmiljø i tjenesten skal svares ut."

AVRØYSTING:

Hjalti H. Gislason, H, sitt framlegg: 7 røyster (2AP,2SP,1SV,1KRF,1H)

Henrik Øksnes, FRP, sitt framlegg: 2 røyster (2FRP)

FS - 023/22 VEDTAK:

Osterøy formannskap seier seg ikkje samd i avsendar sin påstand om at tilhøva som er skildra er eit varsel som omhandlar rådmannen direkte. Saka er derfor avvist.

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Rita Tveiten og Jarle Skeidsvoll

Lonevåg, 23.02.2022

Runar Ludvigsen
Sekretær